

Bustadfelt på Kleivane, Fjell kommune



Konsekvensar for
biologisk mangfald

R
A
P
P
O
R
T

Rådgivende Biologer AS

979



Rådgivende Biologer AS

RAPPORTENS TITTEL:

Bustadfelt på Kleivane i Fjell kommune. Konsekvensar for biologisk mangfald.

FORFATTARAR:

Olav Overvoll & Geir Helge Johnsen

OPPDRAKSGIVAR:

B. Telle Eigedom AS, Tellenes Næringspark, 5357 FJELL

OPPDRAGET GITT:

26. mars 2007

ARBEIDET UTFØRT:

2007

RAPPORT DATO:

10. april 2007

RAPPORT NR:

979

TAL SIDER:

11

ISBN NR:

ISBN 978-82-7658-528-5

EMNEORD:

- Biologisk mangfald
- Konsekvensvurdering

RÅDGIVENDE BIOLOGER AS

Bredsgården, Bryggen, N-5003 Bergen

Foretaksnummer 843667082-mva

Internett : www.radgivende-biologer.no E-post: post@radgivende-biologer.no

Telefon: 55 31 02 78 Telefax: 55 31 62 75

Forsidefoto: Flyfoto med avgrensing av planområdet for Kleivane byggefelt.

FORORD

B. Telle Eigedom AS planlegg utbygging av bustadfeltet Kleivane, mellom Fjell og Møvik i Fjell kommune. I samband med dette vart Rådgivende Biologer AS bedt om å gjere ei vurdering av konsekvensane av tiltaket på biologisk mangfald.

Bakgrunnen for oppdraget var at Fjell kommune i brev av 17.01.2007 ikkje tilrår at planen blir lagt ut til offentleg ettersyn før det føreligg ei vurdering av tiltaket sine konsekvensar for biologisk mangfald i området.

Rådgivende Biologer AS takker B. Telle Eigedom AS for oppdraget og Jacobsen prosjekt team AS ved Terje Grøstad for samarbeidet underveis.

Bergen, 10. april 2007

INNHALD

Forord	4
Innhald.....	4
Samandrag	5
Kleivane byggefelt	6
Områdebeskrivelse med verdivurdering	7
Vurdering av konsekvensar	10
Avbøtande tiltak	11
Referansar.....	11

SAMANDRAG

Overvoll, O. & G.H. Johnsen 2007.

Bustadfelt på Kleivane i Fjell kommune. Konsekvensar for biologisk mangfald. Rådgivende Biologer AS rapport 979, ISBN 978-82-7658-528-5, 11 sider.

Rådgivende biologer AS har på oppdrag frå B. Telle Eigedom AS gjennomført ei vurdering av konsekvensar for biologisk mangfald i samband med utbyggingsplanar for Kleivane byggefelt i Fjell kommune.

Bakgrunnen for oppdraget var at Fjell kommune i brev av 17.01.2007 ikkje tilrår at planen blir lagt ut til offentleg ettersyn før det føreligg ei vurdering av tiltaket sine konsekvensar for biologisk mangfald i området. Dette gjeld både om det er område med verdifull beitemarkssopp, og den planlagde gjenfyllinga av Førhaugtjørna i tiltaksområdet.

Vurderingane i denne rapporten er basert på ei synfaring i området den 27. mars 2007 og ein rapport om biologisk verdifulle kulturlandskapsområde i Fjell kommune, utarbeidd av Miljøfaglig Utredning AS i 2005.


Dei biologiske verdiane i planområdet er knytt til det tilgrensande arealet med naturbeitemark. Dei direkte konsekvensane av tiltaket for biologisk mangfald blir vurderte som små til middels negative. Indirekte konsekvensar kan vere større dersom tiltaket i seg sjølv fører til opphøyr av beiting også i det tilgrensande området (både beitemarkssopp og ev. vipe er avhengige av framleis landbruksdrift), men her må ein også vurdere sjansen for opphøyr av landbruksdrift (på "gamlemåten" – utan gjødsling!) uavhengig av det planlagte tiltaket.

Den planlagde gjenfyllinga av Førhaugtjørna i tiltaksområdet vil ikkje føre til noko tap av spesielle naturverdiar. Lyngheiområdet, myra og tjørnet inneheld neppe spesielle verdiar, og slike tjørn er det svært mange av både i Fjell kommune og i Hordaland elles. I forhold til fuglar, amfibiar og pattedyr er dette artsfattige naturtypar og det er ikkje kjent spesielle verdiar knytt til dette området.

KLEIVANE BYGGEFELT

Kleivane byggefelt er planlagt like nord for riksveg 599, ca. 1 km vest for vegkrysset ved Fjell kyrkje. Planforslaget dekker eit areal på 79 daa og er planlagt for variert busetnad med einebustadar, rekkehus og terrasseblokker. Inklusive fen eksisterande einebustader er det planlagt 140 bueningar i området.

Terrenget i planområdet ligg mellom kote 45 og 65 og er skildra som småkupert, men med relativt store flate parti i delar av området. Området ligg for ein stor del på grunnlendt mark og består av lynghei, beitemark og myr. Sentralt i nordlege del av planområdet ligg Førhaugtjørna.



Figur 1. Planskisse over Kleivane bustadfelt.

OMRÅDEBESKRIVELSE MED VERDIVURDERING

Planområdet ligg for det meste på grunnlendt mark og består av lynchhei i attgroing, beitemark og myr. Sentralt i nordlege del av planområdet ligg Førhaugtjørna. Sørøst for tjørnet, nord for eksisterande bustader, brer ung, glissen skog av bjørk og furu seg ut over lynchheia. Tjørna drenerer mot vest og bekkesiget følgjer eit myrdrag som held fram utanfor planområdet. Bekken endar til slutt i Ulvesetvatnet.



Figur 2. Foto frå planområdet. Frå øvst til venstre: 1) Førhaugtjørnet sett frå nordøst og 2) frå sørvest, 3) beitemarka i planområdet, 4) parti av myra i planområdet, 5) einerkratt langs Førhaugen, nord i planområdet, 6) botnvegetasjon i Førhaugtjørnet.

Lynghei, myr og vatn

Lyngheia er ein fattig og vanleg type, dominert av vanlege artar som røsslyng, klokkelyng, blåtopp og bjønnskjegg. På fuktige stader, som rundt tjørnet og på myra står det mykje rome, starrartar og litt pors. Botnsjiktet rundt tjørnet er dominert av torvmosar. På høgdedraget sør for tjørnet, mot bustadhusa, står det litt ung bjørk og furu. I den bratte skråninga i nord står det tette kratt av opp til 2 m høg einer.

Sjøelve tjørnet er typisk dystroft og grunt med laus og mudra botn. Det har nesten ingen vassvegetasjon. Noko flasketarr og tjønnaks finst spreidd, i aust står det også litt botnegras. Langs kantane veks mjukmatter med torvmosar og starr utover i vatnet. Myra frå vatnet og vestover er også av ein fattig, triviell type.

Både myra og lyngheia rundt blir beita av utegangarsau og terrenget er stadvis prega av mykje trakk. Dette viser særleg godt i område med blaut myrjord. Over bekkesiget og myra vest for tjørnet er det lagt ut fleire ”bruer” av plank som beitedyra kan gå på.

Lyngheiområdet og myra i planområdet blir vurderte som både for små og for trivielle til å vere aktuelle kartleggingsobjekt etter DN-handbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2006). Tjørnet er truleg fisketomt og kan klassifiserast som naturtypen *Fisketomme innsjøer og tjern - E1002*, men inneheld neppe spesielle verdiar utover at det er fisketomt. Faunaen av botndyr er ikkje undersøkt, men det er ingen grunn til å anta at denne tjørna har ein fauna som skiljer seg frå andre tjørn av denne typen i regionen. Slike tjørn er det svært mange av både i Fjell kommune og i Hordaland elles.

I forhold til fuglar og pattedyr (og amfibiar) er dette artsfattige naturtypar og det er ikkje kjent spesielle verdiar knytt til dette området.


Naturbeitemark

Sørvest for tjørnet er det naturbeitemark. Planområdet omfattar også delar av dette arealet. Beitemarka er delt i to med eit gjerde på eigedomsgrensa. Arealet vest for eigedomsgrensa ligg utanfor planområdet (Figur 3). Her er det funne ein rik funga av beitemarkssopp. Ved ei undersøking i 2005 (Larsen & Fjeldstad 2005) vart det funne 14 artar, av desse er fire raudlista som ”nær truga” på den norske raudlista frå 2006 (Kålås m.fl. 2006). På grunnlag av høgt artstal og funn av fleire raudlisteartar, er denne beitemarka vurdert som naturtypelokalitet med svært høg verdi – A (Larsen & Fjeldstad 2005). Ved sidan av ein lokalitet ved Ulveset er dette den mest artsrike lokaliteten for beitemarkssopp som er registrert i Fjell kommune.

Beitemarka innanfor planområdet, dvs. aust for gjerdet og eigedomsgrensa, er ikkje registrert som naturtypelokalitet. Denne delen av beitemarka vart heilt sikkert også vurdert i samband med undersøkingane i 2005. Vår synfaring av området i mars 2007 kunne ikkje avdekke soppfunn, men det kan sjå ut til at denne delen av beitemarka er noko gjødsla eller at det tidvis går for tett med beitedyr her. Under synfaringa var delar av marka heilt dekt med sauegjødsl. Dette gjer lokaliteten mindre aktuell for beitemarkssopp og mindre viktig som naturtypelokalitet.

Under synfaringa 27.03.2007 vart det observert territoriehevdande vipe over beitemarksområdet. Arten er i stor grad knytt til beitemark og slåttemark og er raudlista som ”nær truga” - NT (Kålås m.fl. 2006), på grunn av kraftig bestandsnedgang.

Bestandsnedgangen skuldast truleg endra driftsformer i landbruket (maskinell slått og bortfall av beitemark). Vipa er ein relativt fåtalig, men framleis ganske vanleg art i jordbruksområde i Fjell (Bjørkevoll m.fl. 2005) og andre kommunar i fylket. Observasjonen ved planområdet vart gjort tidleg på sesongen og det er usikkert om dei territoriehevdande fuglane vil slå seg ned her. Vi vurderer arealet i og ved planområdet som mogleg hekkeplass for 1-2 par, men med såpass mykje beitedyr i området er det usikkert om området er eigna.



Figur 3. Planområdet for bustadfelt på Kleivane i Fjell og den verdifulle naturbeitemarka (D04). Naturbeitemarka er kartlagt og skildra av Larsen & Fjeldstad (2005).

VURDERING AV KONSEKVENSNAR

Når det gjeld omdisponering av lynchheimrådet og attfylling av myra og tjørnet i området, bør dette vere uproblematisk i forhold til biologiske verdiar. Området er artsfattig og trivielt og det er svært mange liknande område i kommunen.

Når det gjeld den verdifulle naturbeitemarka som grensar til planområdet vil gjennomføring av planane neppe ha direkte negativ verknad, men det kan få indirekte negativ effekt ved at fortsatt drift på det attverande arealet kan bli vanskelegare. Framleis drift nært opp til eit såpass tettbygd område kan vere problematisk av fleire grunnar. Det totale beitearealet blir mindre, tilgangen til området for drift med beitedyr kan bli vanskelegare og det kan tenkjast at beitedyra blir uroa av trafikk og ferdsel i tilknytning til bustadområdet. Det kan også oppstå problem den andre vegen, ved at folk som bur i området ikkje ønskjer beitedyr nært opp til bustadområdet.

Av planskissa ser det også ut til at ein tar sikte på ei framtidig utviding av bustadområdet mot vest (vegen nordvest i planområdet). Dette vil kunne kome i direkte konflikt med den verdifulle naturbeitemarka.

I forhold til eventuell hekking av vipe, vil tiltaket kunne ha negativ effekt ved at arealet av beitemark (som kan vere næringsøksområde for vipe) blir mindre og ved forstyrning grunna auka aktivitet og ferdsel nær hekkeområdet.

Konklusjon

Dei biologiske verdiane i planområdet er knytt til det tilgrensande arealet med naturbeitemark. Dei direkte konsekvensane av tiltaket for biologisk mangfald blir vurderte som små til middels negative. Indirekte konsekvensar kan vere større dersom tiltaket fører til opphøyr av beiting også i det tilgrensande området (både beitemarkssopp og ev. vipe er avhengige av framleis landbruksdrift), men her må ein også vurdere sjansen for opphøyr av landbruksdrift (på ”gamlemåten” – utan gjødsling!) uavhengig av det planlagte tiltaket.

AVBØTANDE TILTAK

Vi kan ikkje sjå at det er behov for spesielle avbøtande tiltak i forhold til lyngheiområda, myra eller tjørnet i planområdet. Når det gjeld den tilgrensande biologisk verdifulle naturbeitemarka bør det leggjast til rette for framleis drift i området ved lett tilgang til området for beitedyra. Dersom kontakten mellom beiteområdet og bustadområdet blir vurdert som problematisk, kan ei breiare fysisk skilje, t.d. ved planting av staeigne lauvtreartar vurderast. Dette vil imidlertid redusere det attverande beitearealet noko. Alternativt kan dei planlagte bygningane nærast beiteområdet sløyfast.

Skal ei naturbeitemark ha biologisk viktig verdi som beitemark i framtida må den haldast ved like ved beiting. Beitetrykket må vere passeleg hardt og det må ikkje tilførast anna gjødsel enn den beitedyra bidrar med. Om det vil vere drift på dette arealet i framtida er avhengig av fleire faktorar, men i tråd med nasjonale miljømål om å hindre tap av biologisk mangfald, blir det blir anbefalt at det blir lagt tilrette for framhald av drift på dei biologisk mest verdifulle naturbeitemarkene i kommunen.

REFERANSAR

- Bjørkevoll, I., Mjøs A.T. & Overvoll, O. 2005. Viltet i Fjell. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. – Fjell kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 9/2005: 46 s. + vedlegg.
- Direktoratet for naturforvaltning, 2006. Kartlegging av naturtyper. Verdsetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13, 2. utg. www.dirnat.no
- Kålås, J.A., Viken, Å. og Bakken, T. (red.) 2006. Norsk Rødliste 2006 – 2006 Norwegian Red List. Artsdatabanken, Norway.
- Larsen, B. H. & Fjeldstad, H. 2005. Verdifulle kulturlandskap i Fjell kommune i Hordaland. Miljøfaglig Utredning, rapport 2005-64: 1-38.
- Moe, B. 2003. Kartlegging og verdsetting av naturtypar i Fjell. – Fjell kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 11/2003: 1-69.